

# KYRKJEGLØTTEN

NR. 1 — 2020 · 43. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR MO OG OSTERFJORDEN



3

Frå skrivemaskin  
til PC

6-7

Med frivillighet i  
sitt DNA

8-9

Påske

## Kontaktinfo:

### Ostereidet kyrkjekontor

Ørnova 21, 5993 Ostereidet  
**Telefon:** Nytt felles telefonnummer til Kyrkja i Alver kommune: 4000 1691

Kvar dag kl 09.00 – 15.00.  
post.osterfjorden@kyrkja.no

### Facebookside:

Kyrkja i Osterfjorden

**VIPPS 537808**

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

### Opningstid:

Mandag, tysdag og torsdag  
kl 09.00 – 15.00

### Mo kyrkjekontor

5729 Modalen  
56 59 90 33  
larsbjarte.nesheim@modalen.kommune.no

**Facebookside:** Mo sokn

**Kontortid:** måndag og onsdag  
kl. 8-15.30

### Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø  
4000 1691

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace

**Leiar i fellesrådet:**

Grethe Lunde

### Kyrkjegløtten

**Utgjevar:** Sokneråda i Osterfjorden sokn og Mo sokn, i samarbeid med Meland sokn og Knarvik sokn.

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger

**Lokal redaksjon:** Ole Einar Eide Eidsheim, Anne Berit Eknes, Torbjørn Aamli, Gunvor Taule Mjanger, Lars Bjarte Nesheim.

**Grafisk design:** Simen Søvik

**Trykk:** Bodoni AS

**Framsidedeilete:** Odin, Martin, Maren og Mathias leikar med egg

### Soknerådsleiarar

Osterfjorden: Geir Ove Hopsdal,  
901 18 278

Mo: Henning Birkeland, 994 70 008

# Tankestrek

## Fake it till you make it!

Ved Torbjørn Aamli, sokneprest i Osterfjorden og Mo

### Tror du?

En kjent norsk visesanger hadde vært med og sunget inn salmen «O bli hos meg» på ei plate Kirkelig Kulturverksted ga ut for noen år siden. Det virket som journalisten ikke forbandt denne litt satiriske og rampete sangeren med salmesang, og journalisten spør derfor: «Jaså, er du blitt en troende?» «Jeg tror ikke, jeg klammer», svarte han.

### Hva er tro?

Tro i bibelen betyr å stole på. Alle tror vi på noe. Vi tror at gulvet bærer oss når vi setter ned beina og reiser oss. Vi tror at omgivelsene våre i hovedsak virker i dag som de gjorde i går. Men hva med tro på Gud. Hvem er troende?

### «Jeg tror at jeg ikke kan tro»

.... sier Martin Luther i forklaringen til trosbekjennelsen. Nesten. «Ikke av egen styrke eller fornuft», presiserer han. Men hvordan da? Jo, «Guds ånd kaller oss ved evangeliet, og opplyser oss med sine gaver» – dåpen og nattverden. Så et litt interessant tillegg: «I denne kristne menighet gir han meg og alle troende daglig en full syndenes forlatelse».

### Kirken er et skip

Derfor er kirken som et skip. Den nikenske trosbekjennelsen begynner med «Vi tror...». Det er noe å hvile i. Jesus, apostlene og andre av våre åndelige mødre og fedre har tenkt og formulert de dype hemmelighetene i troen. Vi trenger ikke forstå alt, krysse av for samtlige punkter, før vi får et godkjent svar. I evangeliet er Gud en far som venter på alle bortkomne – og hjemmeværende – sønner og døtre. Når vi vender oss til han, er det som vi går om bord i kirkens store skip.

Derfor er det mange ord i bibelen som rommer dette å tro: Å snu om, å vende hjem, å gå, å komme, å kalle på (= å be til Gud), å ta imot, å bli født av vann og ånd, å gå sammen med Jesus.... Og mange flere.

### En veg til Gud, mange veier til Jesus...

En har sagt det slik: Det er bare en vei til Gud: Den går gjennom Jesus Kristus. Men det er mange veier til Jesus. Det finnes sikkert like mange veier som det finnes mennesker.

Noen har vokst opp og alltid fått høre at «vi er kristne», og har tatt det som en selvfølge. Andre har vaklet mellom tro og tvil, men blir lettet over å høre at tvil ikke utelukker tro, jamfør bildet med båten. Dessuten: Troen sitter ikke først og fremst i følelsene. Den sitter like mye i kroppen, i hjertet og viljen, i praksisen vår. I bønnene, i å delta i nattverden.

Og så er det noen som har radikale oppbrudd. Enten som en prosess over mange år, der mange små skritt til slutt har blitt en stor u-sving, - eller som en gjennomgripende opplevelse som skjer ganske brått. Det er tusenvis av måter. Det viktigste er hvem vi tror på!

### Vil du tro?

C.S.Lewis – forfatteren av Narniabøkene – var ateisten som begynte å tro, fordi han møtte «det godes problem»: «Hvordan kan det finnes noe godt og rett, hvis det ikke finnes en Gud?» Den samme Lewis ga folk et råd, dersom de følte de ikke kunne tro: «Lev som en troende. Be til Gud, hør eller les ordet hans, vær sammen med de som tror.» Da kan vi oppleve den hemmeligheten Luther snakket om: At Guds ånd nettopp bruker dette til å skape tro i oss.

## Tilsette Ostereidet



**Torbjørn Aamli**

Sokneprest / 476 21 201



**Boris Kuprijanov**

Organist / 920 60 993



**Bjørn D. Nygård**

Kateket / 412 59 586



**Sonja B. Molvik**

Sekretær

## Tilsette Mo



**Antje Michelau-Meyn**

Trusopplærer / 56 59 90 34 antje.michelau-meyn@modalen.kommune.no



**Lars Bjarte Nesheim**

Kyrkjeverje  
976 75 416

# Frå skrivemaskin med rettetast til heildigitalisert kontor



Tekst og foto: Gunvor Taule Mjanger

... ELLER EIN STAD MIDT I MELLOM.  
SONJA B. MOLVIK FORTEL OM 30 ÅR I  
OSTEREIDET KYRKE.

– Kor åra har blitt av, nei, det forstår eg ikkje heilt, seier Sonja.

Det er først når ho tenkjer tilbake at ho kan sjå kor stor utviklinga har vore. For 30 år sidan var jobben eit par timar ein dag i veka, no er det ein stilling på 60 prosent. Ostereidet kyrkje vart bygd med berre eitt kontor, så til å begynne med delte ho kontorpult med soknepresten. Så vart det kontor i prestesakristiet, før kontorfløyen kom i 2002.

På utstyrssida har det skjedd ein heil revolusjon. Då ho tok til, hadde dei ei skrivemaskin med rettetast, og det var store greier, og kopimaskin som berre kopierte på ei side om gangen. Ho hugsar enno første gongen dei fekk inn ein faks på kontoret. Maskina spydde plutselig ut ark og det laga så mykje lyd at ho skvatt. Soknerådsprotokollane vart førte for

hand, likeeins Kyrkjebøkene. Det er nesten så ho saknar dei store tunge Kyrkjebøkene av og til.

– I arbeidet med Kyrkjegløtten, var det klipp og lim som gjaldt. Løysinga var spesialteip som ikkje vistes ved kopiering. Eit stykke derifrå til dagens Kyrkjegløtt, men me vart riktig fornøgde den gongen og, seier ho. Etter kvart, og nesten umerkeleg, har me tatt steget inn i den digitaliserte verda og der blir me nok verande.

Å skulle favne om alt som har skjedd på 30 år vert umogeleg. Det har vore ei spanande reise, med store høgder, men og nokre djupe dalar. Ho kjenner seg privilegert som har fått vore så tett på kyrkjelyden i alle desse åra. Her har vore mange gode medarbeidarar, i sokneråda, som frivillege og tilsette. Og ho har fått vore midt i dette levande livet i kyrkjelyden vår, med mange gode møte og samtalar.

Sonja har nett fått ny arbeidsgjevar, Alver kyrkjelege fellestråd, og nye arbeidskollegaer. Det vert spanande å få vera med inn i ein ny organisasjon, seier ho. Men framleis vil det vera den lokale kyrkjelyden som er hjarta nærast!

**REMA 1000**  
OSTEREIDET

*Vaage Kartosbeti as*  
Tlf. 56 35 63 50



**OSTEREIDET**  
*Kro*  
smakfulle frustelser

**Hjelmås**  
VVS a/s

Torvhusmyrane 2 – 5913 EIKANGERVÅG  
Tlf. 56 35 40 50  
E-post: [hjvvs@hjelmaas.no](mailto:hjvvs@hjelmaas.no)

*Gravminne*

- Ring for katalog
- Navnetilføyning
- Gravstell
- Oppussing



**Hageland**  
Eikanger

Sauvågen 251 - 5913 Eikangervåg - tlf 56 35 77 30



**BYGGtorget**

KALÅS BYGG AS  
Tlf. 56 35 33 70 - [www.kalasbygg.no](http://www.kalasbygg.no)



## Konfirmantleir i Dyrkolbotn

Tekst og foto: Bjørn Dalsgård Nygård

Den 17.-19. januar drog konfirmantane i Osterfjorden på leir. Det var om lag 65 ungdommar som samlast denne helga på Dyrkolbotn fjellstove. Leiren var eit fellesarrangement med Lindås sokn og deira konfirmantar.

Helga hadde eit tettprogram med undervisning, seminar og sosiale aktivitetar. Ole Marton Ølberg, sokneprest i Lindås, var ein av leiarane. Han oppsummerer slik: - Det var god stemning på leiren. Konfirmantane viste engasjement i det meste. Dei var rett og slett ein kjekk gjeng å ha

med å gjere. Eg håpar og trur at konfirmantane sit igjen med ei større forståing av kva kristen tru er og kan vere. Håpar også at konfirmantane opplevde å bli tryggare på seg sjølve, på kvarandre, og på oss vaksne.

Leiarane denne helga var tilsette, foreldre og frivillege. Ole Einar Eide Eidsheim var ein av dei: - Synest at ungdomane var flinke med å inkludere kvarandre og kom godt overeins. Det var fine samlingar og ungdomane verka interesserte. Sit igjen med gode minner frå leiren, og håpar at ungdomen har fått betre kjennskap til kven Gud er.

## Lys vaken

Tekst og foto: Bjørn Dalsgård Nygård

Kyrkjelyden opplevde stor oppslutnad om årets Lys vaken-arrangementet. Heile 25 born hadde meld seg på til overnatting i kyrkja den første helga i februar. Samlinga starta laurdag ettermiddag. På programmet sto det ei rekkje aktivitetar som leik, lys vaken-dansen og gudstenesteverkstad. Noko av opplegget går utpå at borna skal bidra med innslag i gudstenesta dagen etterpå.

Gudstenesta vart ei flott oppleving for små og store, der fleire aktørar var med. Barnekoret Ostereidet Soul Children hadde fleire fine songinnslag under dyktig leiing av Renate Waldow. Deltakarane frå Lys vaken framførte dansen dei hadde øvd på, og etterpå fekk dei utdelt kvar sitt Nytestament. Konfirmantar som hadde vore leiarar under arrangementet var med og las bøner. Else Iren Westervik og kantor Boris Kuprijanov leia fellessongen på ein framifrå måte.



Vår eigen sokneprest, Torbjørn Aamli, var særst godt nøgd med helga: - Utruleg kjekt at det var så mange born som ville delta på Lys vaken. Gudstenesta vart ei flott oppleving, med mange barnefamiliar til stades. Programmet var variert og engasjerande. Det var tett opp mot 140 framførte. Gledelig var det også at mange nytta høvet til å delta i nattverden.

# Frå kyrkjebenken

Tekst: Bertine Wiig Sulebakk  
Foto: Privat

- Kva kyrkje tilhøyrer du?
- Meland kyrkje
- Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?
- Eg har vakse opp i Meland kyrkje og gått på søndagsskule der, men sidan 2016 har eg vore aktiv i eit gudstenesteteam. Dette har vore utruleg kjekt! Eg har også deltatt i ungdomsarbeid både som deltakar og styremedlem for SKrUL gjennom heile ungdomstida mi.
- Kva set du mest pris på med kyrkjelyden?
- Det eg set mest pris på med kyrkja er samhaldet og det at vi er flinke til å inkludere både store og små. At det er plass til alle og vi tar vare på kvarandre.
- Korleis vil du skildre kyrkja?
- Ein aktiv, engasjert og heimekoseleg kyrkjelyd med eit felles mål om å nå ut til alle aldre.
- Kva salme syng du for tida?
- Shine your light.
- Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?
- Ein god kopp kaffi, eit kakestykke og ein fin samtale med nokon.



## FAKTA

**Namn:** Bertine Wiig Sulebakk  
**Alder:** 22 år  
**Bustad:** Frekhaug  
**Sivil status:** Singel  
**Yrke:** Lærarvikar



**MELAND ELEKTRO**  
AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no  
[www.melandelektro.no](http://www.melandelektro.no)

**TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?**

---



**22 40 00 40**



Kari i hyggeleg drøs med Ingun Moldekleiv og Jostein Dale i kaffikroken på Gjenbruksbutikken

# MED FRIVILLIGHET SOM DEL AV SITT DNA

Tekst og foto: Gunvor Taule Mjanger

Det er i misjon, kyrkjelydsarbeid og KrF Kari har hatt sitt engasjement.

*Kva har motivert deg i det du har engasjert deg i gjennom livet?*

Engasjementet mitt starta med misjon, seier ho. Barneforeninga på Seim, der ho var med, støtta ein misjonær frå bygda, det var det spennande å vera med på. Ho fekk kunnskap og kjennskap til misjon tidleg, vaksne gav respons og tillit og dette forma henne og gav næring til engasjementet. Det gav eit vidare perspektiv, det sosiale og diakonale apelerte til henne, dei hadde bruk for henne.

Far hennar og bestefaren var politisk engasjerte, det var naturleg for henne å bli med, ho hadde referanse til det i heile oppveksten. Det har betydd mykje for Kari å få vera med å forma eit lokalsamfunn. Også i politikken møtte ho mange nye menneske, frå heile landet, og lærte mykje. Ho får lett eigarskap til det ho engasjerer seg i, seier ho, og vil gjerne vera med og gje dette engasjementet vidare.

Ho trur ho har same motivasjon no, som pensjonist, som ho har hatt også tidlegare. Også sakene ho engasjerer seg i, er dei same, men ho har ikkje vore, og vil ikkje vera, aktiv politisk etter at dei flytta til Seim og hennar barndomsheim for nokre år sidan. Kapasiteten er ikkje det den har vore, og

ho må prioritera. Då er det familie, misjon og kyrkja som kjem først.

Kari likar framdrift, og ho likar å arbeida i team og å leia team. Å bruka dei kreftene me har, at alle får seia meininga si og teamet får fram sluttresultatet. Dette trivst ho med. Kari er glad for utfordringane ho har fått. Ho har fått brynt seg på mykje, det har vore gjevande og utviklande. Ho er takksam for perspektiva det har gitt.

*Du har budd på bygda mest heile livet. Er det kvalitetar der som du vil framheva?*

Å bu på bygda betyr å kjenna naboane, utan å trakka ned dørene til kvarandre. Det er trygt at dei er der. Å kjenna borna sine vener og familiane deira, å kunna hjelpa einannan. Faren er å ikkje inkludera nye. Politisk kunne det stundom vera vanskeleg, ikkje alle var einige i vedtak som vart gjort. Det var viktig for henne at dei flytta til Seim medan dei same folka bur i husa! Som naboar høyrer me i lag, seier ho.

*Kva er viktig no?*

Familien er sjølvstekt viktig, og ho nemner særskilt barneborna. Å møta eit smilande barneandlet – ikkje mykje kan måla seg med det. Det Norske Misjonsselskap sin gjenb-

ruksbutikk i Knarvik, der ho er styreleiar, har også stor plass hjå henne. Ho vil vera ein aktiv kyrkjegjengar, møta opp og støtta dei som i dag har hovudansvaret, heia på dei som gjer gode ting. Gudstenesta er hennar åndelege heim, liturgien, bønene og salmane. Ho trivst med å ha det som ho har det i dag.

Kari tenkjer mykje på det store kristne fellesskapet, både lokalt og globalt. Jesus ber til Gud for oss (Johs. 17) at me alle må vera eitt, 'så verda skal tru at du har sendt meg'. Ho ønskjer at dette må få prega samtalar og debattar kristne imellom. Me er alle eitt, der me er på vegen.

Ho uttrykkjer særleg takksemd for alle som vil gjera gode ting for born og unge. Dei må få vita kven Jesus er! Det viktigaste me som kristne kan gjera, er å formidla tru til nye generasjonar. På Seim er der på bedehuset søndagsskule på måndag, Gneisten og UPS (Ungdom på Seim). Det er så bra!

Eg er glad for å ha ei trygg tru som utfordrar meg til ikkje å vera meg sjølv nok, seier Kari. Ho er takksam for å kjenna driven til at folk må få del i den kristne trua. Me må ikkje missa frimotet til å formidla det me trur på, avsluttar ho.



## KARI SKÅR SØRHEIM

71 år, bur på Seim, gift med Knud Fredrik, dei har tre born og ti barneborn.

Kari Skår Sørheim har vore fylkessekretær i Hordaland KrF i 14 år, leiar i Bjørgvin bispedømeråd i åtte år, leiar i Det Norske Misjonsselskap sitt landsstyre i seks år og KrF-politiker i Masfjorden i 27 år. Ein periode var ho varaordførar og ho var vara til Stortinget i to periodar og møtte ein del.

Alle kjenner Kari. Her er det Solveig Rydland, på besøk frå Valdres, som helsar på.



# Jeg tror på langfredags Gud

Jeg tror på langfredags Gud,  
du som har gjemt deg i gåter.  
Jeg tror på lidelsens Gud,  
som gråter med oss når vi gråter.

Jeg tror på påskenatts Gud,  
du som har svøpt deg i mørket.  
Jeg tror på taushetens Gud,  
som finnes i netter og tørke.

Jeg tror på påskedags Gud,  
du som har reist deg med seier.  
Jeg tror på skapelsens Gud  
ditt liv er det livet jeg eier.

Jeg tror på hverdagens Gud,  
som går der jeg går alle dager.  
Jeg tror på den evige Gud  
og fjellet av nåde som rager.

Ja, jeg tror på den evige Gud  
og fjellet av nåde som rager.

**FRA GÅTEN OM KORSET**  
**TEKST:** Jostein Ørum  
**MUSIKK:** Garness

Vi likar så godt denne teksten, fordi den minner oss om at når vi lid og har det vondt, veit vi at Jesus har kjent det same på sin eigen kropp. Han har lova at han går saman med oss, kvar einaste dag, god eller tung, ”så lenge verda står”.

Om du vil høyra teksten med melodi, er denne og alle dei andre songane frå ”Gåten om korset” no tilgjengeleg som CD og på alle strømmetenester.

Riktig god og velsigna påske!

**GARNESS**



## Kunstrunden Nordhordland 2020


Laurdag 4. april og søndag 5.april kl.11.00 - 16.00 går Kunstrunden Nordhordland 2020 av stabelen. 21 galleri, atelier, verkstader og serveringsstader heldt opne dører og viser kunst og kunsthåndverk desse dagane.

Her er det mogeleg å leggja opp turen slik ein sjølv vil. Ein kan gå innom små keramikkverkstader, som Atelier Liv Sundal i Knarvik. Det er ho som har laga keramikken som prydar altaret i Knarvik kyrkje. Fleire galleri byr på kunst i tradisjonsrike gamle hus. Galleri Rustica på Holmeknappen, som er ei ombygd løe, er eitt av dei. På Frekhaug kan ein vitja Johannes Fosse si smie og få innblikk i gamalt handverk.

Fleire serveringsstader deltek på kunstrunden og har kunstutstillingar. Der vert det også mogeleg å kjøpa lunsj eller middag. Lyngheisenteret er alltid verdt eit besøk, og Solhomen i Alversund er ei perle som også gjev deg ein liten båttur. Der blir det blant anna ikonutstilling.

Det vert opne dører mange stader i Alver, Masfjorden og Austrheim, og ein fin anledning til å dra på oppdagingsferd for både fastbuande og feriegjestar.

Informasjon finn ein på Facebooksida Kunstrunden Alver. Ei brosjyre med oversikt kjem til å liggja på biblioteka, på bensinstasjonar og på kvar utstillingsstad, pluss plakatar.





# Kva gjer du når påska er grøn?

UT PÅ TUR, ALDRI SUR!

Børge Brundtland, styreleiar i Nordhordland turlag, føreslår to ulike turar.


## HØGFJELLSTUR TIL HAVS

Eldsfjellet i Meland gjev eit storslagent utsyn i alle retningar. Turen byrjar frå Skjelangervegen ca 1,7 km etter vegen til Skurtveit, ca 150 meter nord for motorcrossbana.

Det er noko stigning i starten, men ein relativt lett og grei tur. Eldsfjellet er 324 m.o.h. Frå Eldsfjellet kan ein også gå nord til Vetten på 290 m.o.h. Turen opp til Eldsfjellet tar ca 45 – 60 min, ytterlegare 30 min vidare til Vetten kor utsikta er endå betre utover mot kysten. Alle kjem seg på Eldsfjellet, deretter kan du velje om du vil gå vidare. Dette er den perfekte «høgfjellsturen» i vakkert vårvær!

## HUSDALEN

Du har sett dei mange gongar, dei kvite husa som ligg oppe i fjellsida når du kjem ut av Bjørsviktunellen mot nord. Sving



av til Molvik og køyr ned til elva. Rett etter elva, på venstre sida, går vegen oppover til Husdalen. Flott turveg med mykje flotte murar. Oppe er det nydeleg utsikt ut Osterfjorden. Denne turen passar for alle. Dei som vil gå lengre, kan ta forbi husa på høgre sida og fylgje skogsveg vidare oppover til Husdalsfjellet. Stien oppover gjev fantastisk utsikt i mange retningar. Husdalsfjellet er 623 m.o.h.

Dette er to flotte turar som alle klarer, og de kan sjølve avgjere kor langt de vil gå.

## GOD TUR!

# Leik med egg

Hardkokte egg er alt som skal til for at familien får eit kjekt tidsfordriv, pluss ein populær premie, då!

Kok egga 10 minutt og avkjøl. Frå Rogaland kan ein importere skikken med å koke egg ute, på stranda, i skogen eller på fjellet. Kok på bål eller stormkjøkken.

Fargelegg gjerne egga under koking <https://www.klikk.no/foreldre/barn/sett-farge-pa-paskefrokosten-2353950> eller born og vaksne fargelegg og merkar kvar sine egg etterpå.

Startstreken må merkast godt. Alle trillar sine egg utfor, og den sitt egg som trillar lengst, har vunne første omgongen. Det kan vere lurt med ein dommar ved sluttstreken. Resultata må noterast, nr ein, to, tre, osv.



Dette kan gjentakast tre, eller fem eller sju gongar, best score når ein set sluttstrek, har vunne.

Egga smakar ekstra godt rett etter trillinga, gjerne i kombinasjon med pølser på bål eller noko anna god turmat.



# KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

		Nr.1 i år 2020	ferje- Sogna- bygd	sjø- mus- ling	seks	tre like		løfte opp bilen	kjekk				
		→						nab. maur- huset		↻			
			kine- saren										
			mø- bel, omv.		veksa mo- derne								
	TV- andlet	frø	vok- alen joule			strå ----- nagl					selsk.	utrop	↓
								←		fly- selsk. elv			
son				salme- uttrykk tumor				tukt	asyn- kron				
tygg			rett		sam- tidig	↻			↻		-----	regn, til v. like	
by i nord		m.n.					tann- ov.flate trist						
fjernt mål								hekto				femti ----- drikka	
ytring i deb- atten								liter		ein Mar- gido			
part								alu- mi- nium		plag- get			
opp- drett		femti						h.retn. elv, frå v.		tysk parti			
radius		→		mot bot- nen				WC			↻		

Send heile kryssordet (evt.foto/scan) innan 24. april til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter.



**Vatne**  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrette-  
legging ved begravelser og bisettelser.

**Døgnvakt 56 35 09 10**  
www.vatne-byra.no  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø



**Nordhordland** VIRKE  
**Begravelsesbyrå AS** GRAVFERD

Ring oss på tlf. 56 37 14 10  
eller sjå [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

*Stort utvalg  
i blomster og  
gravminne!*

**KYRKJEVEGEN 1** **FREKHAUG:** **AVD. VAKSDAL:**  
5911 Alversund Havnevegen 31, Tlf. 56 99 25 70  
5918 Frekhaug

*Me går saman med deg heile vegen*

# Kulturkalender

På grunn av situasjonen med korona-virus er alle arrangement avlyst inntil vidare. På nettsida til kyrkja vil ein finne kva arrangement som vil finne stad: [kyrkja.no/alver](http://kyrkja.no/alver)

28. mars – laurdag

AVLYST

## KONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.00

På konserten synger koret Sta. Sunniva Kammerkor Maurice Duruflés Requiem. Sta. Sunniva Kammerkor består av 32 songarar i alderen 18-30 år. Dirigentar og organistar er Eivind Berg og Asbjørn Snilstveit.

30. mars – måndag

AVLYST

## KONSERT M/ ANITA SKORGAN

Knarvik kyrkje kl. 19.00

1. april – onsdag

AVLYST

## PÅSKEFEST

Ostereidet kyrkje kl 18.00

Ostereidet Soul Children, Lindås Soul Children og Te Deum inviterer til PÅSKEFEST

Me syng påskesongar i lag, kora syng og deler tekstar om påska. Det vert enkel servering etter samlinga.

Velkomne!

3. april – fredag

AVLYST

## PÅSKEKONSERT

M/ LEIF JONE OG LARS BERNHARDT ØLBERG

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Far og son, Lars Bernhardt og Leif Jone Ølberg er på konsertturné. Leif Jone Ølberg er ein kjend operasongar i Danmark. Lars Bernhardt Ølberg er organist og prest og er òg pianistutdanna. På programmet står noko frå Händels Messias, negrospiritualar og andre kjende songar.

22. april og 3. juni

## VARMARE KYRKJEKAFFI - KURS

Meir info vil kome på [www.kyrkja.no/meland](http://www.kyrkja.no/meland).

5. mai – tysdag

## KORKAFÈ MED FELIX VOCALIS

Nordgardsløa kl. 20.00

Det blir song v/ koret, ord for kvelden, kaker og utlodning. Velkomen til ein sosial og triveleg kveld på Løa.

24. mai

## FREDSKONSERT

OsterKlang arrangerer Fredskonsert i Storstova på Leknes søndag 24. mai om ettermiddagen. Konserten vert nærare kunngjort i lokalaviser og på nettstader.

1. juni – 2. pinsedag

## SPORTSANDAKT

Vi går frå vannverket kl. 11.00. Kort samling på Totlandsfjellet. Vi endar opp på Bjørge

ca kl 12.30. Else Iren Westervik og Boris Kuprijanov deltek med song og musikk, sokneprest Torbjørn Aamli har sportsandakt.

KNARVIK  SENTER

Møteplassen for handel og kultur

Knarvik  
Blomsterstove



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)



**Antje Michelau-Meyn er trusopplærer i Mo sokn. Ho er 49 år, glad i å gå tur, strikka, lesa og syngja i kor.**

Antje kjem frå Tyskland, og denne oppskrifta står i bestemora si kokebok, tatt med på flukt under krigen.

## OPPSKRIFT

# KAISERSCHMARRN

NESTEN SOM PANNEKAKER, BERRE MYKJE BETRE

### Ingrediensar:

(til 4 små porsjonar)

50 g smør  
4-6 egg  
30 g sukker  
125 g kveitemjøl  
Ca 2,5 dl mjølk

### Framgangsmåte:

Del smøret i mindre bitar. Rør smør og sukker saman med handmiksar og ha i eggeplommene. Ha i mjøl og mjølk. Pisk eggekvitane stive og rør dei forsiktig inn i deigen. Hell røra i steikjepanna og steik på middels varme på begge sider. Del i passe bitar. Server med eplemos og melis.



**Per Byrknes**

En pappfigur av Judas sprenges i fillebiter. Det skjer igjen og igjen, hvert år - i byen Arequipa i Peru hvor jeg har bodd. Den største synderen av dem alle, Judas, han som kysset Jesus som et tegn til soldatene om at dette var mannen de skulle pågripe, smadres av fyrverkeri og knallskudd. Ser ikke bort fra at noen vil merke Instagrabildet med #denfølelsen. Deilig å ha noen å skyldte på.

En ganske bisarr tradisjon egentlig. Nå ved den stør-

## ANDAKT

# Pappbitene fyker

ste festdagen i kirkeåret blir gleden vi så gjerne skulle ha sett over Jesu oppstandelse omgjort til sinne på Judas som valgte å forråde han.

Men er det ikke litt typisk for mange av oss, at vi må finne en syndebukk, en vi kan skyldte på? Vanligvis er det jo noen andre sin skyld. Det er nesten så jeg får godfølelsen bare ved tanken på at det ikke var min skyld, - denne gangen heller. Sannheten er allikevel at vi har litt skyld alle sammen. «For alle har syndet» (Rom.3,23a) står det i Bibelen. Det er i grunnen derfor vi trenger påskens budskap.

Det var ikke tilfeldig at Jesus måtte dø på et kors. Det var Guds ultimate kjærlighetserklæring til deg og meg. Jesus tok skylda, - med Guds viten og vilje. Dette er ikke lett å forstå og vanskelig å tro.

Jesus kom i ditt sted og ble behandlet som om han var deg,

for at du skulle få komme i hans sted og bli behandlet som om du var han.

“Det er fullbrakt!” sa Jesus da han døde (Joh. 19,30). Da hadde han gjort jobben Gud, via en jomfru, hadde sendt han til jorden for å gjøre. De som kommer til

meg og sier at de ikke får til å være en kristen må jeg minne om nettopp dette. Hva er det du eller jeg skal få til da? Det er ikke noe mer å få til når Jesus har gjort alt. Da trenger vi kun å tro det.

Tre dager senere sto han opp igjen fra graven. Det er et historisk faktum at Jesus har levd. Oppstandelsen er tro, men det er få hendelser som er bedre dokumentert enn oppstandelsen.

Han er oppstått igjen - for meg - for deg!

Han lever, han lever, han lever!

God påske!



## MIN SONG

### Andrea Waldow Fyllingsnes

11 år. Går på Eikanger Skule. Syng i Ostereidet Soul Children og Bergen Soul Children. Går på ZingZang på Frekhaug. Likar å syngje og danse.

Eg likar denne sangen godt, eg får masse energi av å høyre på sangen. Eg får lyst til å danse og syngje med. Teksten fortel meg at eg aldri er åleine og at eg har ein venn i Gud som er med meg overalt. På skulen og i fritida. Hvis eg er åleine eller redd, så nynner eg på denne sangen. Eg synest det er trygt å tenkje på at eg har Gud som er mykje større og sterkare enn meg. Eg likar denne sangen fordi den er lett å lære og lett å like.

# Aldri alene

Oslo Soul Children

Tekst og melodi: Karin Kvalvaag Manvik

Her er jeg, midt i alt som skjer. Er jeg alene, eller en del av noe mer?

Er livet bare det vi ser?

Hvor skal jeg lete? Jeg trenger en å gå med.

Det fins et lys som gjør at vi ser, bli med meg å lete.

Det fins en vei med sannhet og fred.

Kom bli med!

Jeg er aldri alene, du er alltid sammen med meg.

Når jeg ikke kan se det,

ser du alltid sammen med meg.

Finnes det en vei som er lett?

Det virker som det beste er å bare følge strømmen,

men hvem kan vite, hva som er rett?

Er jeg alene, kan noen høre bønner?

Det fins et lys som åpner en dør.

Bli med meg å lete.

Jesus du er her og har gått veien før.

Jeg blir med!

Jeg er aldri alene, du er alltid sammen med meg.

Når jeg ikke kan se det,


ser du alltid sammen med meg.

Gud du har skapt oss i ditt bilde.

Det er i deg vi lever, beveger oss og er til.

Vi legger veien i din hånd.

I ditt lys, ser vi lys.



**OSTER PUKK OG SAND AS**

TLF. 56 35 77 00

*Torill Foto*

Hjelmås

Tlf.: 56 35 52 90

### VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
Kransar, oppsatsar og båretbukettar  
fritt levert til gravferda. Gravmonument.

Tlf. 56 59 74 70



**NORGESHUS**  
Hinden Hus

Hinden Hus AS - 5993 Ostereidet  
Tlf.: 56 35 25 80 - andre.vabo@norgheshus.no

# Folkepresten i folkekyrkja, ei siste helsing til Vilhelm Overå

Tysdag 3. mars døydde Vilhelm Overå frå oss. I 34 år, fram til han vart 70 år gamal, tente han som sokneprest i Osterfjorden. Å for ei teneste og for ein prest han var. Me minnest han som det gode menneske, den folkekjæraste og varmaste presten.

Gud har venta på deg Vilhelm, gledd seg til at du skulle koma heim til han i den ljose himmelstova. Gud har lengta etter å snakka med deg, få høyre dei kloke orda, le godt og lenge av dei gode historiene dine og nyta den gode humoren din. Han ber deg nok ta fram trekkspilet også, ber deg spele fengjande musikk. Litt jazz for det likar de begge. Me trur Gud vil be deg spele «What shall we do with the drunken sailor», slik du gjorde på konfirmasjonsfestane her hjå oss. Og så tek de den djupe praten om nett det, kva skal me gjera.

Du visste å nytte humor som verkemiddel i kyrkja. Lunt kom du med det, stoppa opp, me såg glimtet i augo, poenget ditt og reaksjonen frå kyrkjelyden var latter. Undertrykt latter frå magen til dei som sat i benkeradene, me humra og klukka og du storkoste deg. Humoren din var ikkje tilfeldig, den nytta du til å understreka poenga du hadde i preika, det var målmedvite, og me elska det.

Vilhelm, du var potetpresten vår, kan hende den beste folkeopplysningspresten i vår tid. Du belærte ikkje, men du lærte oss. Me lærte noko nytt kvar gong du heldt preik. Du fekk oss til å kjenna oss kloke og opplyste, og du brukte humor for å sikra at kunnskapen sat i minnet for ettertid.

Du kjempa for folkekyrkja, du kjempa for det du trudde på, at alle skulle kjenna seg heima i kyrkja, og du visste at du hadde det store fleirtalet i kyrkjelyden bak deg og du hadde Guds ord med deg. «Når Vilhelm heldt preik, sit heidningane på fremste benk» - vart det sagt på kyrkjetrappa. Seinare fekk me oss ei lita forelesing hjå deg om kva ordet heidning tyder. Du gjekk ofte inn i orda, tydingane av dei, du gjekk grundig til verks. Du gav oss kloke leksjonar utan belæring. Du dreiv med danning. Du bygde menneske, gangs menneske. Du hadde stor tru på folket og deira evne til å ta til seg, forstå og handle etter kunnskapen dei hadde og fekk. Du gjorde det av kjærleik til folket, det lyste av deg når du såg



utover kyrkjelyden, enten det var ein liten flokk eller ei fullsett kyrkje. Alle var like velkommen.

Det at du med hår og skjegg reint utsjånadsmessig, såg ut som bileta me har sett av Jesus, var også til din fordel. Tenk at me har ein prest som serer ut som Jesus sjølv. Ikkje verst. Me likte å sjå Jesus i kyrkja på Ostereidet, Hjelmås og Vikanes. Vilhelm, du var som Jesus i all di ferd.

Det hende etter gode gudstenester med flott musikk, glitrande preik at du takka for stunda, og fekk applaus. Folk klappa spontant for den velsigna høgtida og den gode stemninga som du skapte. Slike stunder levde både du og me på lenge. For du kjempa ein tøff og lang kamp for ei open og inkluderande kyrkje, og du stod fjellstøtt i striden.

Vilhelm, du hadde eit lag med alle, dei små dåpsborna, skulelevane, vaksne og eldre. Alle fekk dei noko hjå deg, og alle viste dei korleis dei sette pris på deg. Du var heilt unik.

Takk for alt du stod for, alt du gjorde, alt du kjempa for. Ei høg og vid kyrkjedør, ei kyrkje for alle, ei kyrkje å kjenna seg heime i. Takk gode Vilhelm, for at me fekk ha deg så lenge her i Osterfjorden, no unner me deg kvile og eit godt og evig liv i himmelstova.

For sokneborna i Osterfjorden

Irene Femanger, Inger Helen Midtgård, Magne Titland, Kjell Harald Nedreaas, Silje Smådal, Tore Svendsen og Sigmund Grønnevik

# Slekters gang

## OSTERFJORDEN SOKN

### Døypte:

#### Ostereidet kyrkje

05.01.20 Colin Johansen Økland  
19.01.20 Aria Øvretveit Hosøy  
16.02.20 Amalie Gausvik

#### Hjelmås kapell

26.01.20 Albert Mikal Vedå

#### Andre kyrkjer

15.12.19 Loke Henriksen Myhre (Knarvik kyrkje)  
12.01.20 William Sveinson Skurtveit (Meland kyrkje)

### Gravlagde

#### Ostereidet

25.10.19 Hildur Hansen

16.11.19 Marta Nottveit  
19.11.19 Bjørg Veland  
14.01.20 Sigmund Askvik  
20.01.20 Margunn Agdal

#### Hjelmås

14.11.19 Harry Olaussen  
10.12.19 Agnieszka Dawidowicz  
16.01.20 Lillian Hanisdal

## MO SOKN

### Døypte:

17.11.19 Adam Stien

### Gravlagde:

25.02.20 Inge Kårevik



Foto: bengt-re/flickr.com

## FREDSKONSERT

OsterKlang arrangerer ein Fredskonsert i Storstova på Leknes søndag 24. mai om ettermiddagen. Konserten vil ha fredsjubiléet som tema gjennom korsong og allsong, historiske forteljingar frå krigen og frigjeringa. Ettermiddagskaffi med noko attåt høyrer også med. Konserten vert nærare kunngjort i lokalaviser og andre nettstader.

Solveig Eide, leiar i OsterKlang



Kila hentar vatn frå brønnen Kirkens Nødhjelp har bora i landsbyen Beseko Ilala i Etiopia.

## Digital fasteaksjon

Kirkens Nødhjelp har kvart år ein innsamlingsaksjon i veka før palmesundag. Hovudføremålet er reintvatn til menneske i fattige land. Kvart år får 1 mill. menneske reint vatn.

På grunn av situasjonen med koronaviruset blir det ikkje dør-dør-aksjon dette året. I staden for blir det innsamling via Vipps 2426, via SMS 2426, via fasteak-

sjonen.no og på sosiale media, særleg Facebook.

Kirkens Nødhjelp fortel dette om arbeidet sitt:

«Kirkens Nødhjelp arbeider mykje med WASH – water, sanitation and hygiene, altså vatn, sanitæranlegg og hygiene.»

Akkurat no opplever me kor viktig hygiene er, og me veit at reint vatn og trygge sa-

nitærforhold er avgjerande for helsa.

Men mange menneske må gå inn i smitteområde der dette ikkje er på plass. Dette er gjerne i land med stor fattigdom og dårlege helsetenester. Gjennom fasteaksjonen gjer me «medisinen» tilgjengeleg: Reint vatn, trygge sanitærforhold og god hygiene. Difor er fasteaksjonen i år så viktig!



Foto: David Zedig/flickr.com

## BISPEVISITAS

Første veka i desember 2020 blir det bispevisitas i Osterfjorden og Mo sokn.

Ein kan merke seg tid og stad for visitasgudsteneste alt no, 6. desember kl. 11.00 i Ostereidet kyrkje.

Sokneprest Torbjørn Aamli seier til Kyrkjegløtten at han håpar dette kan bli dagar til inspirasjon!

# Gudsteneste- kalender

## 29. mars

4. søndag i fastetida  
Ostereidet kyrkje kl. 11.00  
Torbjørn Aamli

## 05. april

Palmesøndag  
Hjelmås kapell kl 11.00  
Gudsteneste for små og  
store  
Magne Bjørndal

## 09. april

Skjærtorsdag  
Mo kyrkje kl 11.00  
Magne Bjørndal

## 10. april

Langfredag  
Vike kyrkje kl 19.00  
Torbjørn Aamli

## 12. april

Påskedag  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Aamli

## 19. april

2. søndag i påsketida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Samtalegudsteneste med  
konfirmantane  
Torbjørn Aamli

## 26. april

3. søndag i påsketida  
Hjelmås kapell kl 11.00  
Konfirmasjon  
Torbjørn Aamli

## 03. mai

4. søndag i påsketida  
Ostereidet kyrkje kl 10.30  
Konfirmasjon  
Torbjørn Aamli

Ostereidet kyrkje kl 12.30  
Konfirmasjon  
Torbjørn Aamli

## 09. mai

Laurdag etter 4. søndag i  
påsketida  
Mo kyrkje kl 11.00  
Konfirmasjon  
Torbjørn Aamli

Vike kyrkje kl 13.00  
Konfirmasjon  
Torbjørn Aamli

## 10. mai

5. søndag i påsketida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Magne Bjørndal

## 17. mai

Mo kyrkje kl 11.00  
Familiegudsteneste  
Magne Bjørndal  
  
Romarheim bedehus  
kl 13.00  
Familiegudsteneste  
Magne Bjørndal

Hjelmås kapell kl 11.30  
Familiegudsteneste  
Torbjørn Aamli

## 24. mai

Søndag før pinse  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Helge Taranrød

## 31. mai

Pinsedag  
Hjelmås kapell kl 11.00  
Torbjørn Aamli

## 01. juni

Andre pinsedag  
Totlandsfjellet/Bjørge  
kl 11.00  
Sportsandakt  
Torbjørn Aamli

## 07. juni

Treiningssøndagen  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Aamli

## 14. juni

2. søndag i treiningstida  
Mo kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Aamli

## 21. juni

3. søndag i treiningstida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Truls Nygård

## FASTE AKTIVITETAR I OSTERFJORDEN

### Ostereidet kyrkje

Sprell levande  
Søndagsskule 1.-4.klasse  
Onsdagar kl.12.45-14.15  
(Oddetalsveker)  
Ingunn Skeie Buanes,  
95823103

Ostereidet Soul Children  
Onsdagar kl.17.30-18.30  
Renate Waldow, 91550548

Fredagskafeen  
Fredagar kl.20-23.00  
Bjørn Ingvar Eidsheim,  
971 45 120

Te Deum  
Onsdagar kl.19.00-21.00  
Solfrid Hindenes, 90117981

Osterklang  
Torsdagar kl.17.00-19.00  
Solveig Eide, 98647358

Pensjonistlaget  
Torsdagar kl.16.30  
Arnfinn Hellevang, 97601675  
Siste torsdag i mnd.

Strikkekafeen  
Tysdagar kl.19.00-21.00  
(Partalsveker)  
Sonja Molvik, 47855513

Bøn og lovsong  
Mandagar kl.19.00-21.00  
(Partalsveker)  
Ivar Eidsheim, 91704246

### Hjelmås kapell

Jungelgjengen  
Tysdagar kl.17.30-19.00  
Helga A.Eikrem, 41648493

Småbarnstrall  
Onsdagar i partalsveker  
Bjørn D. Nygård

### Borgstova på Vikanes

Laurdagsgraut  
Borghild Toft, 48057831



Mo kyrkje



Vike kyrkje



Ostereidet kyrkje



Hjelmås kapell